



# Luciadagen



- 1 Syng Lucia-songen. Du finn han her: [www.tunkatten.no/songbok/advent-og-jul/](http://www.tunkatten.no/songbok/advent-og-jul/)
- 2 Les teksten om Lucia, og fyll inn rett ord i setningane. Orda finn du i ordboksen.
- 3 Gå på ordjakt i leitekrysset. Der er det åtte Lucia-ord som har gøymt seg. Du må leite loddrett og vassrett, men ikkje på skrå.

**Ekstraoppgåve:** Lag ei teikning av Lucia til slutt.

tog helgen lussekattar desember krone

Lucia-dagen vert feira den 13. ....

Lucia er ein .....

På Lucia-dagen er det mange som et .....

Mange barn går i ..... på Lucia-dagen.

Lucia har ei ..... med lys på hovudet.

K	R	O	N	E	G	U	L	G	P
S	Y	F	O	G	Ø	T	U	N	I
T	I	T	P	L	D	S	C	A	D
P	J	R	A	O	H	I	I	T	Y
Æ	L	U	S	S	E	K	A	T	T
R	Y	L	Y	O	L	M	K	Y	O
M	S	E	N	G	G	O	R	B	G
O	M	E	Ø	R	E	Å	O	V	K
K	N	H	P	F	N	V	F	L	S
D	E	S	E	M	B	E	R	E	S

Lucia  
natt  
lys  
lussekatt  
helgen  
desember  
krone  
tog



# Om Lucia

**Lucia var truleg ei ung, kristen kvinne som levde på 300-talet. Namnet hennar kjem frå det latinske ordet «lux», som tyder «lys».**

Det finst mange religiøse forteljingar om Lucia der det vert sagt at ho gjekk i døden for trua si. Forteljingane fortel at Lucia ville hjelpe dei fattige, og at ho gav frå seg pengane sine. Mannen ho var meint å gifte seg med, likte ikkje dette, og han ville ha hemn. Lucia var sikker på at Gud var med henne, og det finst mange ulike segner om overnaturlege ting som skal ha hendt med Lucia før ho vart drepen.

Vi syng «Santa Lucia», og ordet «sankt» tyder heilag. 13. desember vert kalla luciadagen og skal minne om Lucia sin dødsdag for over 1700 år sidan. Denne dagen er særleg viktig i den katolske trua, men dagen vert markert i mange land. Lucia-feiringa slik vi kjenner henne i dag, byrja i Sverige på 1920-talet. Med tida spreidde tradisjonen seg til andre land. Etter andre verdskrigen vart tradisjonen med Luciafeiring litt etter litt innført i Noreg.

På luciadagen er det mange barn som tek på seg kvite klede, har glitter i håret, og går i tog. Den som går fremst i toget, har ofte på seg ei krone med lys, og skal minne om Lucia. Tradisjonen med å ete lussekattar kjem også frå Sverige, men har etter kvart også blitt ein norsk tradisjon. Lussekattane har ein slags gul-farge som skal minne om solstrålar og lys.

## Kjelder

<https://snl.no/luciadagen>

<https://snl.no/Lucia--helgen>